



Arkitekt Mette Kyed Thorson
Kvalen 16
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/1360 - 20/53574

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
eilin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
31.08.2020

Midlertidig brukstillatelse ny bustad med garasje og bod - gbnr 433/14 Hella indre

Administrativt vedtak: Saknr: 872/20
Tiltakshavar: Marit Anne Bysveen og Øivind Eikefet
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Mette Kyed Thorson
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for ny bustad og garasje med bod og tilhøyrande anlegg på eigedom gbnr 433/14. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: heile tiltaket.
2. Før det kan søkjast om ferdigattest for tiltaka skal det ligge føre dokumentasjon på om det gamle våningshuset er bruksendra til bod/lager eller om det er riven, i samsvar med endeleg vedtak for det tiltaket.
3. Ferdigattest skal liggje føre innan 31.08.2022.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.06.2016 og endringsløyve datert 31.08.2020.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Avklaring med omsyn til det gamle våningshuset på eigedomen.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg sækjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.09.2020

Det vert elles vist til søknad mottoken 01.06.2020.

Grunna stor saksmengde og redusert bemanning i perioden har vi ikkje hatt høve til å handsame søknaden dykkar tidlegare. Vi seire oss leie for eventuelle ulempe dette har medført.

VURDERING

Kommunen legg mottoken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile av tiltaket med unntak av det gamle våningshuset.

Skildring

Adresse:	Hellevarde 24
Bygningstiltak:	Ny bustad, garasje med bod og tilhøyrande anlegg
Bygningsnummer:	Bustad 300576342, garasje 300576315
Bruksareal:	Ny bustad 261 m ² og garasje med bod 63 m ²
Avløp:	Privat
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	1

Oppfølging av mellombels bruksløyve

Dersom søknad om ferdigattest ikkje ligg føre innan opplyst frist skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling. Pålegg om ferdigstilling kan gjennomførast ved sanksjoner.

Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve.

Regelverk

- Krav til sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.
- Kommunen kan gje mellombels bruksløyve før ferdigattest, jf. pbl § 21-10 tredje ledd.
- Kommunen skal følgje opp mellombels bruksløyve som er gått ut på dato og eventuelt gi pålegg om ferdigstilling, jf. pbl kapittel 32.
- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/1360

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Q1 Koordinater for plassering av tiltak

Kopi til:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
Marit Anne Bysveen	Hellevarden 24	5936	MANGER
Marit Anne Bysveen	Hellevarden 24	5936	MANGER
Øivind Eikefet	Hellevarden 24	5936	MANGER
Øivind Eikefet	Hellevarden 24	5936	MANGER

Mottakarar:

Arkitekt Mette Kyed Thorson	Kvalen 16	5955	LINDÅS
-----------------------------	-----------	------	--------